



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår dato: 13.04.2021
Vår ref.: 200802252-131
Arkiv: 511
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandler:
Thomas Mo Willig
22959377/tmwi@nve.no

Oversending av klage på vedtak om utsett frist for idriftsetting av Skorveheia vindkraftverk

Samandrag

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) avslo den 17.03.2021 ein søknad frå Norsk Vind AS om utsett frist for idriftsetting for Skorveheia vindkraftverk i Flekkefjord kommune i Agder. Norsk Vind AS søkte om utsett frist for idriftsetting med eit år, frå 31.12.2021 til 31.12.2022.

NVE har mottatt ein klage på vedtaket. Klagaren er Norsk Vind AS og klagen er gitt innan klagefristen. NVE har tatt klagen til klagebehandling utan nærmare og inngåande vurdering av rettsleg klageinteresse etter forvaltningsloven (fvl.) § 28. NVE har forberedt klagen i tråd med fvl. § 33.

Vi kan ikkje sjå at klagen på vårt vedtak om utsett frist for idriftsetting gir grunnlag for å endra vedtaket. Klagen blir derfor oversendt til Olje- og energidepartementet (OED) for endeleg avgjerd.

1. Bakgrunn

NVE fekk melding om Skorveheia vindkraftverk frå Norsk Vind Energi AS den 24.08.2005. På grunnlag av meldinga fastsette NVE eit utgreiingsprogram 15.03.2006.

Konsesjonssøknaden for Skorveheia vindkraftverk vart mottatt av NVE 18.04.2008. NVE gav konsesjon til Norsk Vind Skorveheia AS for bygging og drift av Skorveheia vindkraftverk den 20.12.2013. Konsesjonsvedtaket vart påklaga. Olje- og energidepartementet (OED) stadfesta NVEs vedtak den 30.04.2015.

NVE godkjente i vedtak av 15.06.2020 framlagt detaljplan og miljø- transport og anleggsplan (MTA) for Skorveheia vindkraftverk. Vi innvilga i vedtak av same dag ein søknad med fleire konsesjonsendringar, deriblant utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2020 til 31.12.2021. Vedtaka er påklaga, og klagen er for tida til handsaming hjå OED.

NVE mottok 22.12.2020 ein søknad frå Norsk Vind AS om utsett frist for idriftsetting av Skorveheia vindkraftverk frå 31.12.2021 til 31.12.2022. Søknaden vart avslått av NVE 17.03.2021.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



2. Presentasjon og vurdering av klagen

2.1. Innleiing

NVE kan oppheva eller endra vedtak dersom NVE finn klager grunngjevne, alternativt senda over klagen til Olje- og energidepartementet for endeleg avgjerd (jf. forvaltningsloven. § 33).

NVE har mottatt ein klage på vedtaket innan klagefristen frå konsesjonæren, Norsk Vind AS.

2.2. NVEs skjønnsutøving

Norsk Vind AS klagar på at NVE har lagt avgjerande vekt på at Skorveheia vindkraftverk har hatt endeleg anleggskonsesjon i over fem år og etter NVE sitt syn tilstrekkeleg tid til å realisera vindkraftverket. Norsk Vind AS meiner NVE ikkje har tillagt deira argument tilstrekkeleg vekt, blant anna forhold som er utafor deira kontroll, som lang sakshandsamingstid hjå statlege og kommunale organ.

Norsk Vind AS meiner det er hensiktsmessig at alle NVE sine vedtak om Skorveheia vindkraftverk blir vurdert samla av OED, og at ei samla vurdering bør tilsei at søknaden vert innvilga.

3. Konklusjon

NVE kan ikkje sjå at det i klagen har kome fram nye opplysningar som gir grunnlag for å endra vårt vedtak av 17.03.2021. Klagen blir derfor sendt over til OED for endeleg avgjerd.

Med hilsen

Inga Katrine Johansen Nordberg
direktør

Erlend Bjerkestrand
fungerande seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Kopi til:

Flekkefjord kommune
NORSK VIND AS